



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: S873

Sak nr 8/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S 873, Nørre Trøllhøvd – søknad om tilleggsjord og beite

Gjermund Myrvang søker om å få vist ut ca 26 daa tilleggsareal inntil stølen på Nørre Trøllhøvd. Arealet er tenkt nytta til beite og fôrproduksjon. Søkjaren driv mjølkeproduksjon på stølen.

Arealet som skal brukast til beite ligg på vestsida av vegen inn til stølen og arealet som skal dyrkast opp ligg aust for vegen. Deler av stølstunet ligg utanfor det som er teikna inn som stølsutvising på kartet. Dette er pga grensene ikkje er justert ved nybygging. Reglar for frifall av tilleggsjord inntil stølsutvising er likt med stølsutvising. Justering av stølsutvising kan derfor gjerast saman med utvising av tilleggsjord. Tilleggsjord er ca 15 daa, justering av stølsutvising er ca 2 daa og beite er ca 9 daa.

Stølsforskrift §5 regulerar utvising av beite:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.*

*Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningssstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.*

*Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.*

*Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.*

Stølsforskrift §20 regulerar utvising av tilleggsjord:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten aleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningssstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.*

*Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

Søknaden har lege ute til offentleg ettersyn utan at det har kome merknader.

Vestre Slidre kommune skal gi uttale til søknaden og dei har i skriv datert 9.10.13 tilrådd søknaden.

Statskog har gjeve følgjande uttale i brev datert 28.11.13:

*Vi viser til mottatt søknad om tilleggsjord, sendt via fjellstyre for uttale.*

Gjermund Myrvang søker per brev datert 16. september, om å få utvist areal til beite for kalver og dyrking for forproduksjon. Arealet ligger tett inntil eksisterende støl på Nørre Trøllhøvd.

Myrvang bruker stølen til mjølkeproduksjon og stølen er dermed i bruk.

Arealet øst for vegen inn på stølen er tenkt dyrket opp og arealet vest for vegen inn på stølen er tenkt brukt til beite. Saken skal behandles etter seterforskriften § 5 beiteareal og § 20 utvisning av tilleggsjord. Dette innebærer at det må opparbeides to nye matrikkelenheter knyttet til hver utvisning. Statskog rekvirerer i så fall oppmåling/registerenhet til kommunen etter at fjellstyre har utarbeidet utvisningsforretning. Bruker må betale de kommunale kostandene dette medfører.

Statskog er positive til søknaden og tilrår overfor fjellstyre og gi tillatelse. Dersom fjellstyret tillater utvisning kan vi allerede nå gi grunneiers tillatelse til å sette opp gjerde rundt parsellene. Gjerde skal være nettverksgjerde. Grunder og lee skal stå åpne i vinterhalvåret.

**Utkast til vedtak:**

Fjellstyret vedtek å vise ut det omsøkte areal aust for vegen og rundt stølstunet som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrift. Areal til beite vest for vegen viser fjellstyret ut som beite etter § 6 i stølsforskrift.

**Vedtak:**

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Gjermund Myrvang  
Statskog  
Vestre Slidre kommune